

---

Saksnr: 2020/56543-9  
Saksbehandlar: Kristin Iversen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		08.09.2021

## Utlysing av midlar: Læreplassgaranti

Forslag til vedtak

1. Hovedutval næring ber administrasjonen hausten 2021 lyse ut 1,4 millionar til prosjekt som skal fremje ordninga med læreplassgaranti.
2. Hovedutval næring ber dei 7 lokale kompetanseforuma som er etablert, diskutere behova i sin region av fylket som grunnlag for ein prosjektsøknad. Dei lokale kompetanseforuma vurderer kven som skal stå som lokal søkjar på vegne av regionen.
3. Prosjektet må oppfylle minst eitt av tre føremål:
  - jobbe for læreplassgaranti i regionen eller ved ein eller fleire skular i regionen
  - nytte læreplassgarantien til å marknadsføre skulane for å rekruttere fleire elevar/lærlingar
  - andre tiltak som kan vere med å sikre ein god balanse mellom tilbod og etterspurnad av læreplassar
4. Vurdering av søknadene vert gjort administrativt, i samarbeid med Avdeling for opplæring og kompetanse.

Samandrag

Fylkestinget har satt av 1,4 millionar til læreplassgaranti. Saksframlegget inneheldt ei vurdering frå Avdeling for opplæring og kompetanse om problemstillingar knytt til læreplassgaranti. Avdelingsdirektøren ønskjer å lyse ut midlane hausten 2021. Søknadene skal vere forankra i dei lokale kompetanseforuma i fylket og svare på dei utfordringane som er i regionane knytt til å få tilstrekkelege læreplassar og lærlingar.

Bård Sandal  
avdelingsdirektør

Kathrin Jakobsen  
seksjonsleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Fylkestinget løyvde i desember 2020 1,4 millionar over budsjettet til avdeling for innovasjon og næringsutvikling til læreplassgaranti. Administrasjonen ønskjer å lyse ut desse midlane gjennom ei søkbar ordning

Læreplassgaranti har vore diskutert i lang tid og det er mange ulike problemstillingar knytt til dette. Avdelingsdirektør for innovasjon og næringsutvikling en har derfor bede avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse om å kome med ei vurdering knytt til eit slikt prosjekt.

### **Vurderingar frå avdeling for Opplæring og kompetanse knytt til læreplassgaranti:**

Dersom fylkestinget ønsker at søkjarar til opplæring i bedrift skal få ein garanti om plass, er det fleire spørsmål som bør vere avklart i forkant. Slik garanti er avhengig av at bransjane ønsker å gi garanti, og denne vil vere på arbeidslivet sine premissar.

Dei vidaregåande skulane i Vestland har fått eit utvida ansvar for å sikre at elevane i vg2 yrkesfag skaffar seg læreplass før skuleslutt i vg2. Gjennom aktiv bruk av utplassering i faget yrkesfagleg fordjuping (YFF) skal elevane få høve til å «selje seg inn» i aktuelle lærebedrifter. Fylkeskommunen har teke i bruk eit nytt verktøy allereie frå vg1, Læreplassrekneskapen, som er til hjelp for skulane i arbeidet med å følgje opp kvar enkelt elev.

#### ***Kven skal garantien omfatte?***

Søkjarane til opplæring i bedrift har ulike rettar til vidaregåande opplæring, (ungdomsrett, vaksenrett, fullføringsrett eller ikkje-rett) Bedriftene står fritt til å tilsette den søkjaren dei ønsker.

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse si vurdering er at ein eventuell garanti bør omfatte søkjarane med rett til vidaregåande opplæring. (ungdomsrett, vaksenrett, fullføringsrett)

Søkjarar til opplæring i bedrift søkjer anten som lærling eller som lærekandidat. Ein lærekandidat får opplæring etter utvalde læreplanmål for vg3, og har kompetansebevis som sluttkompetanse, medan lærlingen har fag- eller sveinebrev som sluttkompetanse.

#### ***Kva skal garantien omfatte?***

##### *Rett til ønska lærefag*

I dei fleste yrkesfaglege utdanningsprogram er det mange lærefag, og i nokre fag opplever vi at det ikkje er tilstrekkeleg tal læreplassar. I dei siste åra har det vore underkapasitet i dei to store lærefaga i utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag, helsearbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget. Også i utdanningsprogrammet elektro og datateknologi har det vore stor underkapasitet i lærefaget el-energi.

Dersom det skal kunne bli ein reell garanti må arbeids- og næringslivet kunne definere kva lærefag dei har høve til å garantere plass i. Ein kan sjå føre seg at ein slik garanti for læreplass etter fag kan variere mellom områda i fylket, avhengig av arbeids- og næringslivet sine lokale behov.

##### *Rett til plass i ønska geografisk område*

Ein del søkarar ønsker læreplass innafor eigen region og ein del bedrifter har same ønske om lærling frå nærrområde. I delar av fylket og bransjane er det ikkje samsvar mellom søkjarar og tilgjengelege læreplassar. Dette er ei stor utfordring og fylkeskommunen må framleis arbeida aktivt for å fremje større mobilitet blant søkarane. Lærebedriftene sitt samfunnsoppdrag er at dei ser utdanning av yrkesfagleg arbeidskraft i eit større perspektiv enn berre eigen region. Dette er viktig for å sikre tilgangen på læreplassar og faglært arbeidskraft.

#### ***Korleis kan fylkeskommunale midlar nyttast og kven skal kunne søke inn mot læreplassgaranti?***

Med den rolla skulane er tildelte i arbeidet med å sikre at elevane i vg2 yrkesfag skaffar seg læreplass for skuleslutt i vg2, kan det vere ei god løysing at skulane kan søke om ekstra støtte for arbeid med elevar som strevar med å finne læreplass.

For å knyte nødvendig kontakt mellom arbeid- og næringslivet sine behov og dei vidaregåande skulane, kan det vere ei løysing at søknad om midlar må skje i samarbeid mellom skulane og anten eit opplæringskontor eller lærebedrift.

### **Forslag til innretning på utlysinga:**

Vestland fylkeskommune har etablert ein samarbeidsmodell for det kompetansepolitiske arbeidet. Modellen omfattar Kompetanseforum Vestland, som er styringsgruppe for arbeidet, lokale kompetanseforum i kvar av regionane (7 stk per i dag) og kontaktpunkt i utvalde bransjar.

Kompetanseforum Vestland vert leia av Avdelingsdirektør for innovasjon og næringsutvikling og Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse i fellesskap. Dei lokale kompetanseforuma peikar sjølv ut leiari, til dømes reigonrådsleiari eller næringslagsleiari.

I dei lokale kompetanseforuma sit mellom anna lokalt næringsliv, kommunar, NAV og representantar frå dei vidaregåande skulane. Dei lokale kompetanseforuma har som del av sitt mandat at dei skal bidra i arbeidet med å skaffe fleire læreplassar og fleire lærebedrifter. Som avdeling for Opplæring og kompetanse peikar på er det naudsynt for skulane å samarbeide med nærings- og arbeidslivet i arbeidet med læreplassgaranti.

Avdelingsdirektøren legg difor fram forslag om at dei lokale kompetanseforuma får i oppdrag å arbeide fram søknader til denne utlysinga basert på dei behova og utfordringane dei har i sin region. Deltakarane må her bli samde om kven som skal ha hovudansvaret for prosjektet og stå som søker, til dømes ein skule, opplæringskontor eller næringslag.

Utfordringane er ulike mellom regionane. I nokre regionar er det vanskar med å skaffe nok læreplassar. Her er det behov for å gå i dialog med arbeidslivet i regionen, og eventuelt i tilgrensande kommunar/regionar. I andre regionar er det underskot på lærlingar som i praksis betyr at dei har ein læreplassgaranti. Her er oppgåve gjerne å bruke læreplassgarantien i marknadsføringa av skolen. I tillegg er det variasjon mellom faga.

Ordninga bør difor opne opp både for prosjekt som skal jobbe fram ein læreplassgaranti for eitt eller fleire fag og prosjekt som aktivt skal bruke læreplassgarantien til å marknadsføre studietilboda og skaffe fleire lærlingar til ledige læreplassar i den aktuelle regionen. På den måten vil alle regionane ha høve til å søke om midlar under denne ordninga.

Med denne innretninga på utlysinga vil vi få testa ut ulike tilnærmingar til problemstillingane knytt til læreplassgaranti som kan kome til nytte om ein på eit seinare tidspunkt skulle utarbeide ein læreplassgaranti for heile fylket.

Avdeling for opplæring og kompetanse har ansvaret for arbeidet med lærlingar og læreplassar og vil difor ta del i arbeidet med å vurdere søknadene til desse midlane.

Vedtakskompetanse:  
Hovudutval for næring

Vurderingar og verknader

#### **Økonomi:**

- Tiltaket er finansiert av midlar som er løyvd av fylkestinget desember 2020

#### **Klima:**

- Ikkje relevant

#### **Folkehelse:**

- Tiltaket kan medverke til å redusere sosial ulikskap. Vi veit at deltaking i arbeidslivet er ein viktig faktor for å redusere sosial ulikskap og at utdanning er den einskildfaktoren som i størst grad påverkar folkehelsa. Å sikre fleire elevar læreplass kan hindre fråfall og avbroten utdanning.

#### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

- Tiltaket støttar opp om FN sine berekraftsmål (sosial dimensjon)
- Tiltaket støttar opp mål og strategiar i Utviklingsplanen for Vestland, mellom anna målet om at Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.
- Det er lagt opp til at tiltaket skal fremje regional medverknad og samhandling

- Tiltaket er forankra i Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033

#### Konklusjon

Avdelingsdirektøren vil utarbeide ei søkbar ordning for midlane som fylkestinget løyvde til læreplassgarant i budsjettet for 2021. Midlane blir lyst ut hausten 2021. Dei lokale kompetanseforuma i fylket blir utfordra til å diskutere behova i sin region på dette området og peike ut kven som skal stå som søkjar.